DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkeshuset, Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref	Vår ref	Dato
	17/2370	19.05.2017

Sogn og Fjordane fylkeskommune - melding om midlar til desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg 2017

Overskotet frå spelemidlar til kulturføremål vart fastsett på generalforsamlinga til Norsk Tipping AS 6.april i år. Den endelege summen som Kongen fordelte til kulturføremål, er 730 millionar kroner. Av desse midlane skal 267,2 millionar kroner gå til å realisera Den kulturelle skulesekken, 47 millionar kroner til kulturbygg og resten til andre kulturføremål.

Den desentraliserte tilskotsordninga for kulturbygg skal tilførast kr 47 020 000 av den delen av spelemideloverskotet som skal nyttast til kulturbygg i 2017.

Forvaltinga av den desentraliserte ordninga for kulturbygg er delegert til fylkeskommunen. Departementet utbetaler midlane til fylkeskommunen etter ein fordelingsnøkkel fastsett av departementet, jamfør punkt 5 i dei vedlagde retningslinene.

Tilskotet til Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2017 er kr 1 592 952. Summen vil verta overført til Sogn og Fjordane fylkeskommune, bankkontonummer 4212.02.01985, merkt ”Tilskot til kulturbygg 2017”, så snart som mogeleg. Det vert elles lagt til grunn at vidare fordeling av midlar skjer i samsvar med retningslinene for den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg.

Med helsing

Stein Sægrov (e.f.)
avdelingsdirektør

Kari Sandbugten
underdirektør

Postadresse	Kontoradresse	Telefon*	Avdeling	Saksbehandlar
Postboks 8030 Dep	Grubbegata 1	22 24 90 90	Kunst- og	Kari Sandbugten
0030 Oslo		Org no.	museumsavdelinga	22 24 78 33
postmottak@kud.dep.no	www.kud.dep.no	972 417 866		

Vedlegg: retningsliner

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar